248–262 Norsk Lingvistisk Tidsskrift · Årgang 30 · 2012

Christiana og *Eidswold*: Norske namn i den nye verda

Arne Kruse

Artikkelen diskuterer motiva bak stadnamna i dei norrøne atlanterhavskoloniane og i det norske emigrantmiljøet i Midtvesten. I ein norrøn kontekst måtte stadnamn vera semantisk meiningsfulle. I Nord-Amerika hadde dette vorte irrelevant. Her var det konnotative symbolaspektet det viktige; ei utvikling vi ser ein parallell til også i Noreg på same tid, med nasjonalorienterte namn på ungdomshus o.l. Artikkelen freistar forklare korfor det er etter måten få namn med norskrelatert opphav på amerikanske kart, med det at dei norske nyryddarane førstpå ikkje tok del i det offentlege livet. Etter kvart fekk visse typar namn symbolverdi i det norsk-amerikanske miljøet.

Stadnamn må ha motiv for å eksistere, og motiva avheng av funksjonen namna tener. Vi skal her sjå nærare på korleis desse motiva vil ha skifta ettersom dei som skapte namna, vil ha budd i Noreg, på dei nyoppdaga øyane i Nordatlanteren i mellomalderen eller i immigrantmiljøet i Nord-Amerika.

Som namnebrukarar høyrer vi alle til ulike grupper av brukarar; grupper som vil rå over ymse tilfang av namn fordi brukarane treng namna til ulike føremål. Dette kan i denne samanhangen illustrerast med korleis dei som emigrerte for omlag 150 år sidan, vil ha knytt seg til ulike namnebrukargrupper i høve til dei som vart att i gamlelandet. Som emigrant vil han eller ho ha migrert gjennom ei rekkje namnebrukargrupper som kvar ville ha hatt eit unikt inventar av namn. Om emigranten vår var ein mann og kom frå kysten av Noreg, vil han truleg ha komme frå eit fiskarbondemiljø der han i rolla som fiskar vil ha opplevd landskapet i form av namn han einast brukte i lag med andre fiskarar medan han var ute på sjøen. På landjorda vil han ha referert til terrenget i form av namn som han delte med andre på garden han kom frå – eller med folk frå bygda som han delte ei noko vidare referanseramme med. Som emigrant på ferd over Atlanteren vil han ha delt eit sams namneinventar med andre nordmenn ombord, eit tilfang av namn

som ville ha vist til både landet dei lèt bak seg, og landet dei ville ende opp i, og som nyryddar på prærien vil han i lag med dei andre settlarane ha tatt del i namngivinga av det nyvunne landet. Her vil han òg stundom ha kommunisert namn med den engelskspråklege administrasjonen. På dette viset vil emigranten over tid og rom relatere seg til ulike namnebrukargrupper, og han vil dele namnetilfanget til desse gruppene i ulik grad; somme fullt ut og andre meir overflatisk. Det individuelle inventaret av namn vil vera heilt unikt frå person til person, for ingen deler heilt og fullt bakgrunnen til andre individ og dermed deira røynsle med namn. Men også namnebrukargrupper er einingar med motiv og praksis når det gjeld laging og bruk av namn som er unike for kvar gruppe. Slike grupper kan fungere ut ifrå eit motiv om sosial identitet definert etter geografiske grenser, etter yrkesgrupper eller etter annan gruppeidentitet. Det vi skal sjå nærare på her, er korleis emigrantane, eller dei som kom like etter dei i tid, vil ha laga namn i det landet dei kom til, etter motiv som ofte var ulike dei som dei kjende frå gamlelandet.

I dei siste tre tiåra har post-kolonialismen vore ei framtredande retning innan kulturstudiar og litteraturvitskapen. Teorien er òg nytta innan samfunnsvitskapane, men berre unntaksvis innom språkvitskapen.[1] Her er ikkje plassen å leggje fram og diskutere teorien som heilskap. I staden vil nokre av dei mest sentrale omgrepa innom postkolonialismen bli trekt fram og nytta på det norske immigrantmiljøet i Nord-Amerika. Eitt av desse er termen *subaltern*. Omgrepet vart først nytta av Antonio Gramsci, og da gjernast om proletariatet, men det har fått nytt liv relatert til dei som i postkolonial samanhang står sosialt og kulturelt utom det herskande skiktet, utom den hegemoniske maktstrukturen, for igjen å bruke ein term frå Gramsci (Hoare & Nowell-Smith 1971: xiii–xiv).

Det er ikkje likeframt å tenkje postkolonialisme kring dei tidlege norske settlarane i Midtvesten. Formelt var dei sjølve kolonistar ettersom dei tok land frå folk som alt budde der. Likevel vil dei norske kolonistane ha opplevd mykje av det same som innfødde folk som vart koloniserte av dei store kolonimaktene på 17- og 18-hundretalet, og sosialt, politisk og mentalt var dei subalterne fordi dei stod utanfor det hegemoniet som var etablert av den engelskspråklege administrasjonen og det engelskspråklege politiske og kulturelle livet. Administrasjonen var til for å organisere nykommarane, den amerikanske administrasjonen opplevde desse som 'andre' i postkolonial meining, og politisk, kulturell og språkleg subordinering av settlarane vart opplevd som noko naturleg.

Enno førstpå 1800-talet var norske bønder lite med i politikken og administrasjonen, og dermed var dei heller ikkje vidare involvert i namnsetting av administrasjonseiningar, postkontor, ferjestader o.l. Slike skriftfesta namn var det embetsmennene som styrte med. På grunn av språkbarrieren kjende dei første norsk-amerikanske settlarane seg enno meir framande for det amerikanske offentlege livet. Dette var noko som ikkje vedgjekk dei. Dei hadde sitt eige, subalterne sosiale nettverk i form av det religiøse livet og i form av lokale bedarlag (Semmingsen 1942: 326f.). Offentleg namngiving vart dermed også overlate til den engelskspråklege amerikanske administrasjonen, og her er vi ved den opplagte grunnen til at det er så få norskspråklege eller norskrelaterte offentlege administrasjonsnamn i Midtvesten. Det er ingen norske namn på statar, det er tre–fire namn på county (*Haakon* (SD) og kan hende *Benson* og *Nelson* (ND) og *Norman* (MN)), og berre etter måten få township har slike namn (Haugen 1953 Vol. I: 228–9). I Illinois, Wisconsin, Iowa og Minnesota må ein leite med lys og lykte etter namn med opplagt norskrelatert opphav. Dette er statar som i stor grad vart organiserte i 1850–70-åra, og ut ifrå mankoen på norskrelaterte namn i dette området, der den norske busettinga var som tettast, er det tydeleg at norske settlarar mesta ikkje har markert seg på det offisielle kartet.

Her kan det vera opplysande å høyre korleis to slike tidlege norske township-namn kom til. Da Bad Ax County i Wisconsin fekk eit nytt og meir innbydande namn i form av *Vernon County*, eit namn med referansar til Mount Vernon, heimen til George Washington (Kellogg 1909: 219–31), vart det i 1853 krav om at det skulle skipast township, og nokon måtte veljast til å stå for dette. Dei aller fleste som budde i Vernon, var nytilflytta nordmenn, men dei valde ein av dei heller få amerikanarane, mest fordi han meistra språket, men tydeleg òg fordi denne politikarspira hadde lova nordmennene å sørgje for eit norsk namn på township'et. Løftet heldt han, og namnet vart *Bergen*, sjølv om ingen kom derifrå, og ikkje eingong Vestlandet. Eit par år etter var tanken at eit nytt township skulle få namnet *Christiania*, men namnet enda opp i forkorta form som *Christiana*, sikkert etter mønster av *Christiana* township i Dane County, ikkje langt unna, der den engelskspråklege administrasjonen alt eit par år tidlegare hadde bestemt at namnet på den norske hovudstaden hadde for mange stavingar til å kunne brukast som det var (Holand 1928: 47–8, Haugen 1953 vol. I: 230). Alle township som har vorte skipa i ettertid, har fått reine engelskspråklege namn på trass av eit konstant fleirtal norskætta.

Den delen av Vernon County der det kanskje bur aller flest norskætta i dag, er Coon Valley. Dette dalføret heitte den første tida *Helgedalen* etter Helge Gulbrandson Skaret, som var den første kvite som slo seg ned her (Holand 1928: 269). Dette namnet festa seg aldri i offisiell samanhang. Som offisielt namn på dette hovuddalføret vart *Coon Valley* teke i bruk, namngitt etter alle vaskebjørnane, 'coons', i området.

Det ser etter alt å dømme ut som om dei aller første settlarane til ein viss grad hadde vilje til å markere seg med norskspråklege stadnamn, også på administrasjonsnivået, og eit norsk namn på eit nytt township kom altså til og med på det politiske programmet. Men når det kom til den faktiske namngivinga, hadde dei norske settlarane temmeleg lite å seie. Her rådde det engelskspråklege hegemoniet. Berre det at namnet *Bergen* vart valt, kan vitne om at den engelskspråklege administrasjonen prioriterte eit relativt kjend norsk namn som var lett å uttala, framfor at det skulle reflektere det regionale opphavet til dei norske tilflyttarane (som mykje godt var frå nedre Gudbrandsdalen). Og med namnet *Christiana* ser vi enno tydelegare korleis den norskspråklege majoriteten er subaltern; dei må finne seg i at den engelskspråklege administrasjonen prioriterer etter sine eigne reglar.

Mange fleire norskrelaterte namn vil ein kunne finne i namneregisteret over norske kyrkjer (Norlie 1918 vol. II, sjå òg Helleland 1986: 105) og likeins som namn på jarnbanestasjonar og postopneri.[2] Dei to siste vart oppretta i tusental før og etter hundreårsskiftet, gjerne som følgje av den raske utbygginga av jarnvegen. Mange stasjonar og postopneri var små, og dei hadde ofte eit kortvarig liv. Sjølv om dei måtte bli godkjende av det offentlege, var det mykje tilfelle som låg bak namnevalet. Slik kom t.d. *Gunderson* til i 1899 i Griggs Co, ND, da Northern Pacific Railroad bestemte at ein stasjon skulle byggjast på eigedomen til Peter Gunderson. Far til Peter, Aslak, hadde teke opp farmen i 1880. Grannelaget heldt fram med å kalle staden *Gunderson*, men da stasjonen endeleg vart bygd i 1902, fekk han namnet *Walum* til ære for Martinus O. Wallum, ein driftig kar som åtte ein tilgrensande farm. Typisk nok kom denne Martinus eller Martin frå Noreg alt som toåring, og han vart ein leiande figur i lokaladministrasjonen og vel så det (Helland m.fl. 1976: 308). Skilnaden i skrivemåten av familienamnet og stasjonsnamnet blir forklart med at ein kontorist i postadministrasjonen føretrekte stavemåten *Walum* (Wick 1988: 81–2 og 203).

Dei to Dakota-statane vart organiserte på 1870- og -80-talet, og nye township kom til enno godt inn på 1900-talet. Ikkje overraskande er derfor dei norsklydande township-namna her noko meir frekvente, noko vi kan

vise ved raskt å skumme township-namna i Nord-Dakota.[3] Her finn ein både *Bergen* og eit township stava fullt ut *Christiania*. Her er township-namn med norsklydande gardsnamn eller etternamn:[4] *Dalen*, *Haaland*, *Lindaas*, *Nesheim*, *Stave*, *Storlie*; her er namn som nok reflekterer det regionale opphavet til nokre, kanskje eit fleirtal, av settlarane: *Nordmore*, *Elverum*, *Haram*, *Stavanger*; her er namn på norske høvdingar: *Garborg*, *Bjornson*, *Ibsen*, *Lake Ibsen*, *Nansen*, *Sverdrup*, *Thordenskjold*; her er nasjonale namn: *Eidsvold*; og her er namn teke ifrå norrøn mytologi: *Valhalla*, *Heimdal*, *Odin*, *Thor*; og her er generelle framtidsønske: *Trygg*, *Fram*[5]. Her hopar visse namn seg opp og må delast på dette viset; *Viking* (det er to i Nord-Dakota), *North Viking*, *South Viking*, eller ved litt ulik stavemåte; *Scandia*, *Skandia*, *Valhalla*, *Walhalla*, *Oslo*, *Osloe*[6].

Mange av namna har eit yngre preg, og truleg fortel namna om norske emigrantar som i heimlandet hadde fått med seg det identitetsskapande symbolverdet som namn kunne ha. Som generasjon vil dei som kom rett frå Noreg dei siste tiåra av 1800-talet, ha opplevd korleis ungdomshus, songkor, fråhaldslag, idrettslag m.m. fekk nasjonalt orienterte namn av typen *Framheim*, *Mjølner*, *Breidablikk*, *Lidarende* osb.[7] Kor brått denne moten slo an i Noreg, kan ein illustrere med namnet *Fredheim*, som i folketeljinga frå 1865 er å finne som bustadnamn ein einaste gong (i Stange, Hedmark), medan det ifølgje folketeljinga frå 1900 finst 1274 bustader kalla *Fredheim* spreidd over det meste av landet (Hoel 2004: 25).

Det kan også vera at det mellom dei som kom til Dakota-statane, var norske settlarar som hadde budd andre plassar i Midtvesten før og hadde greidd å lære seg engelsk godt nok til å ta del i den lokale administrasjonen. Desse vil på same vis som i Noreg ha opplevd framveksten av det norsk-amerikanske kultur- og organisasjonslivet der namn som *Symra* og *Eidsvold* prydde namn på tidsskrift, og der bygdelag og kristelege lag fremma norsksinna idear (Lovoll 1977).

Sjølv om meir frekvente namn vitnar om auka deltaking i det offentlege livet, er det likevel ikkje snakk om ei drastisk endring. Det seier mykje at berre om lag eit trettital av i alt rundt 1450 township i Nord-Dakota har namn som ein utan vidare kan sjå er av norskspråkleg opphav (eller indikerer norsk busetting, av typen *Norway* og *Nordmanna*). Dette er ein stat der mesta ein tredjedel enno reknar med norsk etnisk opphav.[8]

Einar Haugen (1953 vol. I: 228–232) har kommentert denne relative mangelen og minner oss om at jamført med andre immigrantar, har nordmenn likevel ikkje vore så dårlege til å markere seg. I Minnesota, der det er

rundt dobbelt så mange innbyggarar med svensk bakgrunn, er det ikring dobbelt så mange namn med norsk opphav som med svensk, og i Wisconsin, med mange fleire tyskætta, kjem talet på norske namn seg godt ut av ei jamføring.

Haugen (ibid.) minner oss òg om at dei første settlarane kom som einskildindivid til eit land som alt var administrert og til dels alt hadde eit namneverk. Dei aller fleste namna av norsk opphav er namn som desse pionerane fekk festa på kartet av ofte tilfeldige lokale årsaker, slik som at dei budde nært eit postopneri som tok namnet etter den nærmaste garden. Dette er namn av typen *Westby*, *Larson*, *Wolseth*. Som Haugen seier, er det først seinare at idéen kom om at dei som individ òg høyrde til ei større gruppe innvandrarar frå Noreg og som gruppe kunne ta i bruk namn av meir 'nasjonal' karakter.

Eit meir moderne døme på korleis gruppeidentitet lett blir utvikla mellom emigrantar, gir etnologen Anders Gustavsson (2005), som har studert den etter måten nye invasjonen av nordmenn som har kjøpt seg hus og hytter i Bohuslän. Desse kjenner ein påtakeleg affinitet til andre nordmenn i same situasjonen. Gruppeidentiteten opplever eit 'oss' som både ekskluderer svenskane dei bur imellom, og nordmenn som bur i Noreg. Begge desse gruppene blir opplevd som 'andre'. Grensegangen for gruppekjensla dreier seg om ein har røynsle med å vera nordmann busett i Bohuslän. Ein kan førestelle seg korleis ein slik gruppesolidaritet lett kan motivere til å skape kulturelle og språklege demarkasjonar mellom 'oss' og 'andre'. Overført til det norsk-amerikanske immigrantmiljøet, er det klart at ein her også kan vente språkleg solidaritet innom gruppa ein har sams røynsle med, og at det òg kan vera grunn til å markere språkleg avstand til 'dei andre' der heime i gamlelandet.

Avstanden til det dei norske emigrantane forlét da dei drog til Nordamerika, hadde meir enn berre med geografiske kilometer å gjera. Sjølv om dei ofte slo seg ned på prærien i lag med folk frå bygda dei hadde forlate, vart aldri det nye grannelaget språkleg som det hadde vore der heime. I den nye bygda ville det oftast vera folk ifrå andre delar av Noreg, og i så fall ville språket gjernast bli utsett for ei utjamning av dialektale særtrekk, slik Einar Haugen (1953 Vol. II: 350–3) har skildra det frå Midtvesten, og slik Brit Mæhlum (1992) demonsterer i det norskspråklege miljøet på Svalbard. Som med grammatiske og fonologiske dialektvariasjonar vil òg namneinventaret og repertoaret for å laga nye namn ha vorte generalisert, dialektalt nøytralisert og såleis redusert i immigrantmiljøet.

Avstanden til gamlelandet hadde òg med topografi å gjera. Ein storpart av den amerikanske Midtvesten er einsformig flat og diamentralt ulikt det ekstremt varierte fjell- og fjordlandskapet mange av settlarane hadde vakse opp i. Dei nye farmane hadde gjerne firkanta grenser med husa plasserte i midten av vide åkrar med ei einaste avling (Haugen 1953 Vol. I: 219). Eit terreng utan variasjon og karakteristiske trekk inviterer ikkje til namngjeving, for dei aller fleste namna kjem til når ein treng dei som referansar i landskapet. Dessutan er dette ein topografi som ikkje gjer det mogleg å ta i bruk svært mange av alle appellativa som potensielt kunne bli nytta til å laga namn; appellativ som var høgt spesialiserte og oftast tilpassa eit kupert terreng (Kruse 2007: 10–13).

I eit geomorfologisk variert landskap som t.d. Coon Valley, Wisconsin, finn ein, som venta, langt fleire norskspråklege stadnamn, men heller ikkje her finn ein stor grad av variasjon mellom appellativa tekne i bruk for å laga namna. Her manglar dei mange særskilde appellativa for ulike typar høgdedrag som ein finn i namneverket for liknande terreng i Noreg (sjå Hallaråker 1995: 166–8). I staden blir det i Coon Valley nytta to appellativ i norske namn for høgdedrag, nemleg *blåff* og *rygg*. Det første av desse to, *blåff*, i namn som *Tilliblåffa* og *Knipstillblåffa*, er eit opplagt lån frå engelsk *bluff* 'bratt høgdedrag'. Det andre, *rygg*, som i *Rongstadryggen* og *Joreryggen* (utmerkingsleddet er oftast ein gard på åsryggen), eksisterer som appellativ og fins i mange norske namn, men når det i Coon Valley er eitt av einast to appellativ som er produktivt i namn for høgdedrag, er det opplagt påverking frå det hyppig bruka engelske *ridge* som spelar inn. Som hovudledd i namn på dalføre blir einast *dal* bruka, t.d. *Springdalen*, *Tyskedalen* (Kruse 1991: 156–66). Det er ikkje mykje att av mangfaldet i gamlelandet, eit mangfald som har hatt tusenvis av år på å utvikle seg i eit stabilt og stort sett eittspråkleg miljø. Og i staden for gjenbruk av gamle, kjende appellativ som kjendest upassande i det nye landet, vart altså appellativ lånt frå engelsk. I postkolonial samanhang kan ein klassifisere dette som synergi; produkt som trekkjer element frå begge kulturelle sfærer, men som ikkje kan reduserast til nokon einskild av dei (Ashcroft 2007: 210). Eit namn som *Leeblåffa* har opplagt element i seg frå norsk og frå engelsk, men laginga høyrer unikt til det norsk-amerikanske immigrantmiljøet, og ingen av elementa kan reduserast til einskildspråka. Johannes Lien frå Øyer i Gudbrandsdalen tok opp *Leefarmen* i Coon Valley i 1857, like ved *Leeblåffa* (Holand 1928: 127). Uttalen av det opphavleg engelske *bluff* er umiskjenneleg norsk, med tjukk l og ein bakre og runda rotvokal.

Tendensen til redusert grad av variasjon i namneverket er noko ein kan observere alt i dei nordatlantiske norrøne busettingane. Det er fleire som har peikt på dette (Jónsson 1914, Kuhn 1966, Nicolaisen 1980, Kruse 2007). Av alle potensielle appellativa til å laga namn på høgdedrag er *fjall* fullstendig dominerande, og for t.d. 'havbukt' dominerer *vik* bortimot totalt. Klarast er dette å sjå på Island og Færøyane, der busettinga skjedde på jomfrueleg grunn og utan interferens frå innfødde. Ikkje dess mindre er det heller ikkje interferens å spore i det norrøne namneverket på dei skotske øyane, der det alt var eit keltiskspråkleg folk. Det er i så måte i prinsippet ingen skilnad på dei norrøne namna på Island og på Orknøyane eller Hebridane, for ein kan på dei skotske øyane mesta ikkje oppdrive norrøne namn som viser interferens frå dei innfødde (Jennings & Kruse 2009: 84–86).[9] Dette viser i beste fall til ein språkkontaktsituasjon der keltarane og keltisk språk hadde ein så låg sosial status at språklån inn i norrønt ikkje kunne finne stad. Graden av synergi er med andre ord særs låg.

I Nord-Amerika hadde dei norske pionerane liten kontakt med det opphavlege folket og med indianske språk, som dessutan hadde så låg status at ein ikkje kan vente språklån derifrå. Med engelsk er det annleis, og her er synergien intens, og låna er mange inn i det norske språket, inklusive namneverket. I Nord-Amerika hadde engelsk høg status; det var sjølve det hegemoniske språket, medan norsk var avgrensa til domene som hadde med privatlivet å gjera eller med organisasjonsarbeid som einast inkluderte norsk-amerikanarar, slik som kyrkjelivet. Interferensen på det norske språket vart dermed påtakeleg på alle nivå; på ordplanet, i morfologien og i fonologien (Haugen 1953, Hjelde 1992). Innom namneverket ser vi det i form av lånte appellativ som går att som hovudledd i mange lokale namn i det norske miljøet i Coon Valley: *fil*, f., 'jorde, åker', *råd*, m., 'veg', *krikk*, m., 'bekk' og *blåff*, f., 'åsrygg' (Kruse 1991).

Etter kvart kjem så klart nordmenn med i det praktiske offentlege livet, men da er engelsk administrasjonsspråket, og det gjeld òg namneverket. Som vi såg alt i 1850-åra, da nordmennene fann seg i namnet *Christiana*, ser det ut som om det frå første stund er generell aksept for at stadnamn på eit offentleg nivå, t.d. på kart, må vera på engelsk. Dei lokale namna i det norske miljøet i Coon Valley blir systematisk omsette til engelsk før dei kjem på kartet: *Grønvoldryggen* blir til *Gronvold Ridge*, *Kolldalen* blir til *Koll Coulee*,[10] *Sørryggen* blir til *South Ridge* osb.

Typologisk er namn som *Voss*, *Bergen*, *Oslo*, *St Olaf*, *Erdahl*, *Eidswold* i særklasse amerikanske og høyrer inn mellom andre namn i Nord-Amerika,

som *Boston*, *Birmingham*, *Paris*, *Warsaw* osb. Vi skal sjå litt på kva for ein motivasjon som ligg attom denne namnetypen.

Fleire har peika på at stadnamn kan ha fleire funksjonar enn berre det å vera plass-lokaliserande (sjå t.d. Hallaråker 1997: 161–74). Kurt Zilliacus (1975, 1977) knyter tre moglege komponentar til eit namn. I tillegg til den plass-lokaliserande funksjonen seier han at eit namn kan ha eit semantisk innhald; det kan med andre ord bety noko for namnebrukaren, slik som namna *Innvik*, *Sandnes* og *Nordholmen* som er appellativisk gjennomsiktige namn. Ein tredje komponent er assosiasjonselementet. Med dette meiner Zilliacus at somme namn kan få folk til å assosiere eitkvart med namnet, at det har tilleggstydingar i form av konnotasjonar; typisk vil *Kairo* bli sett i samband med pyramidar og *Eidsvoll* med 17. mai. Av desse tre komponentane er den første obligatorisk – plass-lokalisering utgjer sjølve definisjonen på eit stadnamn – medan dei to andre er fakultative; eit namn *kan* ha desse komponentane, men treng ikkje ha dei.

Med fokus på dei to siste komponentane kan ein sjå korleis vektlegginga av den appellative tydinga og konnotasjonselementet i norske namn har skifta etter når og kvar dei vart laga, ettersom dette var i gamlelandet, i dei nordatlantiske mellomalderkoloniane eller i det relativt nye settlementet i Amerika. To tendensar spring i augo, nemleg at medan det appellative elementet i mellomalderen vil ha vore så sterkt framtredande at ingen namn i prinsippet kunne bli laga utan at innhaldet relaterte namnet til eit eller anna særpreg ved staden, har det assosiative aspektet dominert valet av namn i den nye verda. Med andre ord har det semantiske innhaldsplanet over tid tapt overfor det som blir sett i samband med namnet historisk, sosialt eller ideologisk. Nokre døme kan underbyggje dette.

Namnet *Uppsalir* går att på 23 gardar på Island. Dette er alle gardar som ligg høgt i lendet eller høgt i høve til grannegardane (Vilmundarson 1996: 401). Derimot er det ingen andre gardar enn desse 23 *Uppsalir* der *-salir* er brukt som hovudledd. Det finst m.a.o. ingen *Neðrasalir* på Island – eller i Noreg for den del, der det er 40–50 *Oppsal* ol. (Rygh NG I, 1897: 138). Ut frå dette mønsteret vil det ikkje vera urimeleg å hevde at det sentrale svenske *Uppsala* kan ha vore mønstergivande både i Noreg og på Island. Samstundes ser det ut som om namnet må vera topografisk meiningsfullt om det skal vera brukbart. Namnet *Uppsalir* kan altså ha eit assosiativt aspekt, men det er også semantisk analysert før det blir brukt på ny som namn på ein gard på Island. Dei einskilde elementa er dekoda, brote opp i element, og kvar for seg må desse elementa ha relevant meining i høve til

lokaliteten dei denoterer. Dette kan på same måten påvisast med distribusjonen av namnet *Solheim*. Som hovudledd er elementet *-heimr* ikkje lenger produktivt under vikingtida, men samansetninga *sólheimr* er å finne som 11 gardsnamn på Island og eit par gonger på dei skotske øyane. Som sine rundt 70 namnefellar i Noreg er alle desse etter måten høgtliggande, solrike gardar (NSL: 415–6).

Det er opplagt feil å slå alle norrøne stadnamn i Nordatlanteren i hartkorn og hevde at ingen av dei er oppattbrukte i uavkoda form, og at ingen kan vera overførte frå gamlelandet einast ut ifrå eit konnotasjonsmotiv. Når usamansette og semantisk ugjennomtrengjelege namn som *Voss* og *Moster* opptrer i dei norrøne busettingane i Skottland (Brøgger 1929: 70–1), kan ein ikkje utelukke at det kan vera eit nostalgisk motiv som ligg bak. Dette er likevel namn som stikk seg ut; slike namn er klåre unnatak. Det er illustrerande at det ikkje finst eit einaste udiskutabelt døme på namneoppkalling i *Landnámabók.* Ingen av gardane på Island som er nemnt her ser altså ut til å vera kalla opp etter ein gard i Noreg (Rygh 1898: 8).

I Nord-Amerika er namnetypen oppkallingsnamn heilt dominerande mellom dei norskrelaterte namna. Det opphavelege semantiske innhaldet ser ut til å ha vore heilt irrelevant for namnevalet. Eit namn med semantiske gjennomskodelege ledd, som t.d. *Eidswold*, blir brukt på prærien i Minnesota utan tanke på den topografiske referansen i namnet. Assosiasjonssida til namnet dominerer totalt. (Sjå òg Cassidy 1947: 11, Haugen 1953 vol. 1: 230, Hallaråker 1986, Helleland 1986: 95.)

Det som ligg bak dette motivskiftet i namngivinga, har å gjera med ei gruppekjensle der konnotasjonsaspektet til visse namn har fått symbolverdi og hjelper til med å byggje ein identitet. Psykologisk kan tapet av eit heimland ifølgje Freud opplevast nostalgisk, og patologisk kan det ta form av melankoli. I essayet 'Trauer und Melancholie' (1917) seier Freud at sorg er reaksjon på tapet av nokon eller noko, og at dette kan vera noko så abstrakt som fridom, eit ideal eller eit land. I skuggen av den første verdskrigen diskuterer han tilhøvet til nasjonen i krysningspunktet mellom lengsel og tap, og ein anar kor problematisk dette tilhøvet kan bli opplevd av immigranten.

På eine sida tapte norsk-amerikanaren det etniske heimlandet og autensiteten det ber med seg. Han vil ha opplevd vemodet ved det å flytte (til og med om det ikkje var han sjølv som emigrerte, men foreldra hans) og fantasien om det tapte. På hi sida vil han ha kjent seg som amerikanar. I identiteten som norsk-amerikanar kan det altså ha vore eit element av nostalgi og framandkjensle midt oppe i ønsket om å vera amerikanar. 'Det

norske' som er tapt, blir ein abstraksjon representert med symbol, og som alle symbol eksisterer dei berre i eit samfunn av individ som er samde om konnotasjonsinnhaldet. Stadnamn fungerer som del av det semiotiske inventaret som er med på å definere eit samfunn, og som samfunn fall det lett for norsk-amerikanarane å einast om nostalgiske namn. På same tid trongst liknande symboltunge namn i Noreg for å byggje opp under nasjonalkjensla, for å stå imot det politiske presset frå Sverige og det språklege presset frå dansk og for å gi ungdomen nasjonalhistoriske røter. Det nostalgiske og til og med melankolske aspektet ved norske ungdomshus som vart gitt namn som *Viking* og *Gimle*, var ikkje mindre enn ved likelydande namn på busettingar i Amerika.

Mange av dei heller få norsk-relaterte namna som finst på offisielle amerikanske kart i dag, er 'vedtaksnamn'; namn som eit lokalsamfunn på eit tidspunkt har funne verdig til å symbolisere eit viktig aspekt av identiteten deira: *Valders*, *St Olaf*, *Vinland*, *Helgeland.* Slike namn har nok ikkje så mykje med heimlengsel til gamlelandet å gjera. Namna uttrykkjer identiteten til ei gruppe som ikkje kjenner seg som nordmenn frå Noreg, men som amerikanarar med ein tilleggsidentitet. Denne gruppa baserte sitt særpreg og samhald på ei sams røynsle omkring plass, historie, kultur og språk, og av og til greidde dei å markere denne identiteten gjennom eit kartfesta namn.

Bibliografi

Ashcroft, Bill, Gareth Griffiths & Helen Tiffin (red.) 2007: *Post-colonial studies: the key concepts*, Second Edition, Abingdon: Routledge

Brøgger, A.W. 1929: *Ancient Emigrants*. Oxford: The Clarendon Press.

Cassidy, F.G. 1947: *The Place-Names of Dane County, Wisconsin.* Greensboro, N.C.

Freud, S. 1917: 'Trauer und Melancholie', her sitert etter den engelske omsettinga 'Mourning and Melancholia.' *The Standard Edition of the Complete Psychological Works of Sigmund Freud*, Volume XIV (1914–1916): On the History of the Psycho-Analytic Movement, Papers on Metapsychology and Other Works, 237–58. http://www.arch.mcgill.ca/prof/bressani/arch653/winter2010/Freud_Mourningandmelancholia.pdf (lese 17/2 2012).

Gustavsson, Anders 2005: Modern Norwegians in Bohuslän: Cultural Encounters in the Border Area. *Arv* 61. Uppsala, 163–204.

Hallaråker, Peter 1986: Stadnamn i Vesterheimen – opphav og bruk. *Namn og Nemne* 3, 101–116.

Hallaråker, Peter 1995: *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og formidling*, Forskingsrapport nr. 8. Volda: Møreforsking.

Hallaråker, Peter 1997: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking*. Oslo: Universitetsforlaget.

Haugen, Einar 1953: *The Norwegian Language in America. A Study in Bilingual Behaviour*, vol. 1–2. Philadephia: University of Pennsylvania Press.

Helland, R., E. Johnson, N. Mohberg & H. Griggs 1976: *Griggs County History 1879–1976*. Griggs County Historical Society. Dallas, Texas: Taylor Publishing Company.

http://www.webfamilytree.com/Griggs_County_Centennial/greenfield_township/wallum.htm (lese 15/5 2012).

Helleland, Botolv 1986: Norske namn i Amerika. Ei granskingsoppgåve for norske fagmiljø? *Årsmelding 1985*. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo. Oslo, 89–118.

Hjelde, Arnstein 1992: *Trøndsk talemål i Amerika*. Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, Skrifter nr. 6. Trondheim: Tapir.

Hoel, Kåre 2004: *Bustadnamn i Østfold, 5. Rygge og Moss*, utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Oslo: Novus forlag.

Holand, Hjalmar R. 1928: *Coon Valley: en historisk beretning om de norske menigheter i Coon Valley.* Minneapolis: Augsburg publishing house.

Hoare, Quintin, & Geoffrey Nowell-Smith 1971: *Selections from the Prison Notebooks*. New York: International Publishers.

Jennings, A. & A. Kruse 2009: One Coast – Three Peoples: Names and Ethnicity in the Scottish West during the Early Viking Period. Wolf, A. (red.): *Scandinavian Scotland – Twenty Years After*. St John's House Papers No 12, St Andrews, 75–102.

Jónsson, Finnur 1914: Islandske elvenavne. *Namn och bygd*. Uppsala, 18–28.

Kellogg, Louise Phelps 1909: Derivation of County Names. *Proceedings of the State Historical Society of Wisconsin*, 219–231.

Kløvstad, Jan 1986: Kjært barn …. Dyrnes, L.E., G. Hals & J. Kløvstad (red.): *Ungdomshuset: Eit kultursenter i Bygde-Noreg*. Oslo, 163–5.

Kruse, Arne 1991: Norske stadnamn i Coon Valley, Wisconsin. Møte mellom to tradisjonar. Helleland, B. (red.): *Norsk språk i Amerika / Norwegian Language in America,* Oslo: Novus, 135–71.

Kruse, Arne 2007: Fashion, Limitation and Nostalgia: Scandinavian Place-Names Abroad. Graves, P. & A. Kruse (red.): *Images and Imaginations: Perspectives on Britain and Scandinavia.* Edinburgh: Lockharton Press, 3–33.

Kuhn, Hans 1966: Die Ortsnamen der Kolonien und das Mutterland. Blok, D.P. (red.): *Proceedings of the Eight International Congress of Onomastic Sciences.* The Hague, 260–265.

Lovoll, Odd S. 1977: *Bygda i den nye verda: Dei norsk-amerikanske bygdelaga*. Oslo: Samlaget.

Mæhlum, Brit 1992: Dialect Socialization in Longyearbyen at Svalbard (Spitsbergen): a fruitful chaos. Jahr, Ernst Håkon (red.): *Language Contact. Theoretical and Empirical Studies* (= Trends in Linguistics. Studies and Monographs 60). Berlin, 117–30.

Nicolaisen, W.F.H. 1980: Early Scandinavian Naming in the Western and Northern Isles. *Northern Scotland* 3, 105–21.

Norlie, O.M. 1918: *Norsk Lutherske Menigheter i Amerika 1843–1916*. Vol I–II. Minneapolis: Augsburg Publishing House.

Rygh, Oluf 1898: *Norske Gaardnavne. Indledning.* Kristiania.

Semmingsen, I. 1942–1950: *Veien mot vest*, 2 vol. Oslo: Aschehoug.

Vimundarson, Þórhallur 1996: Overførelse af stednavne til Island. Kruken, K. (red.): *Den ellevte nordiske navneforskerkongressen, Sunvollen 19.–23. juni 1994*. Uppsala: NORNA-förlaget, 398–411.

Wick, Douglas A. 1988: *North Dakota Place Names*. Fargo: Hedemarken Collectibles.

Zilliacus, Kurt 1975: *Onomastik*, upublisert manuskript. [Publisert i Kurt Zilliacus: *Forska i namn.* Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland 640. Helsingfors, 2002.]

Zilliacus, Kurt 1997: On the function of proper names. Pitkänen, R.L. & K. Mallat (red.): *You name it. Perspectives on onomastic research*. Helsinki, 14–20.

Notar

1. Eitt av desse unntaka er John Mitchinson, 'The Saming of the Few: Post-Colonialism without the 'Other' in the Faroe Islands', i *Scandinavica* 2011, der han diskuterer bruken av dansk på Færøyane ut ifrå ein slik teori.
2. Ei god liste over postopneri med norskrelaterte namn finn ein her: http://www.slettebo.no/posthistorie/norvegiana.htm
3. Her er denne offisielle lista nytta: http://govt.net/lists/localgovt/nd_townships.htm Denne er justert ved hjelp av Wick 1988. Til opplysning er eit '(survey) township' eit kvadrat på seks miles.
4. Dette er ikkje staden for å røkje etter om det norsk-amerikanske stadnamnet har direkte opphav i eit norsk gardsnamn, eller om det er via eit slektsnamn. Botolv Helleland (1985: 91–5) viser korleis *Nerstrand* (MN) og *Herreid* (SD) respektivt har desse ulike opphava, og korleis lokalhistoriske granskingar på begge sider av Atlanteren stundom må til for å klargjera dette.
5. Jan Kløvstad (1986: 163) seier om dei mange norske ungdomshusa med 'fram' i namnet at dei meir eller mindre direkte peikar tilbake på dialektforkjemparen Olaus J. Fjørtoft (med tilnamnet *Fram*), polarskuta *Fram* eller hovudkvarteret til Roald Amundsen ved Sørpolen. I Nord-Dakota var nok skuta mest kjent og den mest opplagte inspirasjonskjelda.
6. Namna *Christian(i)a* og *Oslo(e)* speglar namnedebatten kring den norske hovudstaden, og det er interessant å merkje seg at mange av *Oslo*-namna i Nord-Amerika kom til før hundreårsskiftet.
7. Sjå t.d. namna på norske ungdomshus i Kløvstad 1986: 164–5.
8. For folketeljingar i Nord-Dakota, sjå http://www.ndsu.edu/sdc/data/historicalcensusdata.htm
9. Dei einaste unntaka er namna på sjølve dei store øyane, som *Orkneyjar*, *Ljóðhús* og *Ívist*.
10. Det opphavleg franske *coulée* blir i Midtvesten i forma *coulee* nytta om ein dal med bratte sider som er utsett for flaum.

Summary

The article discusses how the motivation for naming places in the Medieval North Atlantic was very different to that found among the 19th century Norwegian settlers in the American Midwest. While in the former setting a place name had to be semantically meaningful, this aspect was irrelevant in the latter. Instead, the connotative, symbolic aspect of the name became important; a development that was not unique to the Norwegian-American settlers but was paralleled in Norway with names of youth organisations and nationally minded societies. The article shows how the fact that there are relatively few names with a Norwegian origin on the modern map of the USA can be explained by the fact that the Norwegian-Americans at first had very

little say in the naming of the new land. Over time, certain types of names came to win a function as symbols within the group of Norwegian-Americans.

Arne Kruse
DHT 13.18
DELC – Scandinavian Studies
School of Literatures, Languages and Cultures
University of Edinburgh
GB-Edinburgh EH8 9JX
Arne.Kruse@ed.ac.uk